Arbeids- og sosialdepartementet
Vedlegg
S.nr. 200400578 -149

Arbeids- og sosialdepartementet

**Høring - utkast til lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for mennesker med funksjonsnedsettelser, m.v.**

## SVARSKJEMA

**Høringsinstansens navn:** Ski Kommunale Råd for funksjonshemmede

1. Bør kommunene og fylkeskommunene kunne velge om de vil ha råd eller en annen formalisert representasjonsordning?
   ~~JA~~ NEI ~~USIKKER~~ (Stryk det som ikke passer)

2. Bør flere kommuner/fylkeskommuner kunne ha felles råd eller annen ordning?
   ~~JA~~ NEI ~~USIKKER~~ (Stryk det som ikke passer)

3. Bør kommunene/fylkeskommunene kunne ha felles ordning for eldre og mennesker med funksjonsnedsettelser?
   ~~JA~~ NEI ~~USIKKER~~ (Stryk det som ikke passer)

Vi ber om at kommunene og fylkeskommunene også svarer på følgende spørsmål:

4. Har kommunen allerede opprettet råd eller annen formalisert representasjonsordning for mennesker med funksjonsnedsettelser?
   JA ~~NEI~~ (Stryk det som ikke passer

5. Er det sannsynlig at kommunen, dersom det blir gitt adgang til det, vil opprette felles råd eller annen representasjonsordning for eldre og mennesker med funksjonsnedsettelser?
   ~~JA~~ NEI ~~USIKKER~~ (Stryk det som ikke passer)

6. Er det sannsynlig at loven vil føre til endrede direkte og/eller indirekte kostnader i forhold til det kommunen/fylkeskommunen nå bruker til å gjøre seg kjent med hvilket syn mennesker med funksjonsnedsettelser og eldre har i utformingen av politikken på områder som berører dem spesielt?

Mindreutgifter:
~~JA/NEI~~/USIKKER Hvis JA: Anslagsvis beløp pr år kr ...........
(Stryk det som ikke passer)

Merutgifter:
~~JA~~/NEI/~~USIKKER~~ Hvis JA: Anslagsvis beløp pr år kr ...........
(Stryk det som ikke passer)

Kommunane kan og opprette eldreråd for geografisk avgrensa delar av ein kommune. Dette vil til dømes kunne gjelde storkommunane. Oppretting av slike råd krev samtykkje frå departementet.
Der det vert oppretta eldreråd for geografisk avgrensa område og kommunedels-eldreråd skal desse ha same arbeidsområde som eit vanleg eldreråd har etter § 3 i lova.
I begge tilfelle skal det og opprettast eit sentralt eldreråd for heile kommunen.

**Sekretariathjelp**
§ 4 og § 8

Kommunen/fylkeskommunen er etter §§ 4 og 8 første ledd forplikta til å sikre ein høveleg sekretariathjelp for rådet.

Kommunane/fylkeskommunane har etter lova plikt til å leggje tilhøva praktisk til rette for at eldreråda skal kunne kome med tilråding før det blir teke viktige avgjerder som vedkjem eldre i kommunen/fylkeskommunen. Det følgjer av dette at kommunen/fylkeskommunen må syte for sekretariathjelp av eit slikt omfang at eldrerådet kan gjennomføra dei oppgåvene lova legg til dei. Det er i forarbeida til lova rekna med at arbeidet vil vere av eit omfang som vil krevje ein tredels stilling.

I forarbeida er det peika på at verksemda til eldrerådet gjeld alle sektorane i kommunen/fylkeskommunen. Det er derfor ønskjeleg at det blir teke omsyn til dette ved plasseringa av sekretariatet. Fleirtalet i sosialkomiteen rådde til at sekretariatet blir lagt til sentraladministrasjonen i kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatet er ein del av den samla kommunale/fylkeskommunale administrasjon og er underlagt administrasjonssjefen innanfor dei rammer kommunestyret/fylkestinget fastset, jf kommunelova § 23 nr 1.

Etter § 4 og § 8 i lova skal rådet ha rett til å uttale seg før kommunestyret/fylkestinget avgjer organiseringa av sekretariatet. Det gjeld både kor sekretariatet skal leggjast, kva for arbeidsoppgåver det skal ha og kor stor stillingsprosent det skal ha.

**Budsjett**
§§ 4 og 8

Det er ein føresetnad etter lova at kommunestyret/fylkestinget skal vedta budsjett for rådet og løyve dei naudsynte midla til å dekkje drifta i rådet. Dette skal omfatte midlar til sekretariatsfunksjonen, arbeidsgodtgjersle jf kommunelova § 42 og til å dekkje naudsynte utgifter til skyss, kost og overnatting etter dei satsar kommunen har vedteke jf kommunelova § 41. Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunestyret/fylkestinget vedtek budsjett for rådet.

Innan dei rammene kommunelova og budsjett- og rekneskapsforskriftene set har kommunestyret/fylkestinget høve til å delegere budsjettmyndigheit til eldrerådet. Det kan skje ved at eldrerådet får ei rammeløyving å halde seg til eller ved ordinær delegasjon gjennom uttrykkelege overføringsfullmakter.

## 2. Oppnemning og samansetjing

**Funksjonstid**

§§ 1 og 5

Eldreråda skal veljast for den kommunale/fylkeskommunale valperioden, med ei funksjonstid på fire år.

**Talet på rådsmedlemmar**
§§ 2 og 6

Etter §§ 2 og 6 er det kommunestyret/fylkestinget som fastset talet på medlemmar i eldrerådet. Råda bør ikkje vere for store. I forarbeida er det nemnt frå fem til ni medlemmar. Det er ein føresetnad i kommunelova § 16 nr 1 at det og skal veljast varamedlemmar til rådet.

Departementet tilrår at både eldrerådet og pensjonistforeiningar i kommunen/fylket får høve til å uttale seg når talet på rådsmedlemmar skal fastsetjast.

**Kven føreslår medlemmar ?**
§§ 2 og 6

Dei som har rett til å føreslå medlemmar er pensjonistforeiningar, lag og samarbeidsutval som er representative for dei pensjonistgruppene dei skal representere i kommunane og fylka.

I innstillinga frå Sosialkomiteen er det peika på at og andre typar frivillige organisasjonar og foreiningar som driv aktivt arbeid blant eldre, bør få høve til å føreslå medlemmar. Det er her truleg tenkt på mellom anna lokallag av landsomfattande frivillige organisasjonar og foreiningar.

**Krav til samansetjinga**
§§ 2 og 6

For å sikre medverknad for dei eldre, skal fleirtalet av medlemmane vere alderspensjonistar. Det politiske styrketilhøvet i kommunen/fylket skal ikkje vere avgjerande for samansetjinga. Retten til å krevje høvetalsval etter kommunelova gjeld derfor ikkje.

"Alderspensjonist" er i forarbeida definert som ein person med alderspensjon. Det vil seie at alderspensjonistar kan veljast sjølv om dei har gått av med pensjon før dei fylte 67 år og ikkje har alderspensjon frå folketrygda.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Desse skal veljast blant pensjonistane.

Ein må ved oppnemninga vere merksam på reglane i kommunelova § 38 nr 2. I ei offentleg nemnd skal både kjønn vere representerte, og det skal vere minst 40 prosent av kvart kjønn dersom nemnda har fire medlemmar eller fleire.

Medlem av eldrerådet kan søkje om fritak frå vervet før funksjonstida er ute når vedkommande ikkje "uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter..", jf kommunelova § 15 nr 2. Dårleg eller svak helse er eit døme på kva som kan vere fritaksgrunn.

## 3. Oppgåvene for eldreråda

**Rådgjevande organ**